

Prosjektskildring Kula og Myggen minifestival 25. mars 2017

Kula og Myggen minifestival er ein aktivitetsdag for barn mellom 3 og 13 år. Arrangementet skal vere laurdag 25. mars, og varer frå klokka 09:30 til klokka 17:00. Fellesamlingane vil vere på KFUK-KFUM huset «Ynglingen» i Bergen sentrum. Nokre av seminara vil vere på Ynglingen og nokre skal vere i Nykirken meinighetshus, like ved Nykirken på Nordnes.

Med dette arrangementet ønskjer vi å nå breiare ut til barne og tweensgruppene både innad i KFUK-KFUM, men også til barnegrupper som ikkje har tilknytning til organisasjonen. Alle grupper som ønskjer det, og som har medlemmar mellom 3 og 13 år kan melde seg på, det er ikkje krav om medlemskap i KFUK-KFUM. Temaet denne dagen er «påske», med hovudfokus på Jesu oppstode. Tema vert mellom anna spegla gjennom songane som vi kjem til å syngje, mellom anna frå KFUK-KFUM si nye musikkutgjeving «Stå opp», andakt som omhandlar påskebodskapen, lage dramatisering om påska på dramaseminaret, og lagar forskjellig påskepynt på hobbyseminaret. Påskebodskapen er eit gledebodskap som vi ønskjer å formidle til barna på ein truverdig og enkel måte. Seminara som vi vil tilby er: Foto, drama, dans, minecraft/legorobbot, hobby (inndelt etter aldersgrupper) baking, sporty (sport og leik med og utan ball) og bakeseminar.

Det er fyrste gong på fleire år der vi har ein felles aktivitetsdag for både dei små og dei større barna. Dette ønskjer vi no å gjere noko med, og skipar no til eit felles programtilbod til barne og tweensgruppene der barna kan få ei kjekk oppleving, der gruppene kan få ny inspirasjon, oppleve ein større fellesskap og få ei kjensle av organisasjonstilknytning.

Program for dagen:

- 09:30 Registrering
- 10:30- 11:15 Opningssamling. Velkomen! Vi leiker, har andakt, syng, til dømes syng vi «Minifestival-sangen», og dansar «festivaldans»,
- 11:30 Seminar på Ynglingen og i Nykirken meinighetshus.
- 13:00-13:30 Varm lunsj
- 13:30 Seminara held fram
- 14:15 leikestund/lestund for dei minste.
- 15:30 Pause før konsert: kaker og frukt.
- 16:00: Avslutningssamling med opptreden frå ulike grupper som deltek på minifestivalen. Gruppene kan framføre nokre bidrag kvar, og seminara dans, drama og minikor bidrar med sine innslag. Foreldre og venar er invitert.
- 17:00 Takk for i dag og vel heim!